



Gunn Mari Moberg beheldt kumulert andreplass også på Høgre-liste nummer to. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedelingen Gunn Mari Moberg kom på kumulert andreplass også i nominasjonsmøte nummer to for Høgre i Kvinnherad. Ho heldt med andre ord sin posisjon medan han som fekk førsteplassen i den første nominasjonsmøtet, Arne Havnerås frå Rosendal, no vart skifta ut med Gunnar Røssland frå Husnes.

Kva møte som blir erklært lovleg og kva liste som blir den endelege skal det ekstraordinære årsmøtet 21. mars ta standpunkt til. Også leiaren i Kvinnherad Høgre, Øyvind Utne, vart skifta ut under nominasjonsmøtenummer to – med Jonny Thomsen frå Rosendal.

Tre frå Uskedalen som ikkje var med på den første lista kom med:

Tor Vidar Sæle kom inn på niandeplassen i staden for Leif Sverre Enes frå Ænes, Ivar Gundersen fekk 28.-plassen i staden for Gunnar Røssland og Jeanette K. Guddal fekk 31.plassen i staden for Ole Bennæs frå Rosendal.

Uskedelingane Steinar Kroka beheldt 17.-plassen og Knut Andre Sjøwall Eidsvik 24.-plassen i listeforslag nummer to. Uskedalen er med andre ord svært godt representert på dette forslaget.

Alle skifta var samrøystes og det møtte 28 røysteføre på det andre nominasjonsmøtet. Også det vart halde på AFA i Uskedalen.

Men enno ser ein altså ikkje enden på valsirkuset til Høgre i Kvinnherad.

Av Ola Matti Mathisen